

Fra: Kjell Ståle Tofte[kjells@halsnoy-trelast.no]
Mottatt: 02.06.2026 10:46:49
Til: Grethe Marie Sandvik[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Terje Natland[terje.natland@kvinnherad.kommune.no]; Egil Eide[egil.eide@kvinnherad.kommune.no];
Sigbjørn Øye[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no]; Anbjørn
Høivik[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: RE: Avtale om tildeling av stimuleringsmidlar - Sunde Panorama - Halsnøy Trelast AS

Hei Grethe.
Her kjem signert avtale for fodrøyningsmagasin.

Med vennlig hilsen
Kjell Ståle Tofte
Halsnøy Trelast AS
Mobil +47 95 14 66 15
kjells@htrelast.no



From: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Sent: tirsdag 2. juni 2026 10:18
To: Kjell Ståle Tofte <kjells@halsnoy-trelast.no>
Cc: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Egil Eide <egil.eide@kvinnherad.kommune.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>
Subject: SV: Avtale om tildeling av stimuleringsmidlar - Sunde Panorama - Halsnøy Trelast AS

Hei

Viser til sak som gjeld tildeling av stimuleringsmidlar – Sunde Panorama – Halsnøy Trelast AS.

Kvinnherad kommune er samd i at din tilbakemelding om at:
Omsøkt beløp er kr 5 000,- over tildelinga på kr 1 000 000,-. Eg føreslår at differansen vert trekt frå posten for autovern, slik at dette vert justert til kr 105 000,- og samla beløp kjem innanfor ramma.

Midlane fordeler seg då slik:

Tiltak	Beløp
<i>Utbetring av kommunalt vegkryss, Slettestølen</i>	<i>kr 280 000,-</i>
<i>Vasskum med brannkule</i>	<i>kr 165 000,-</i>
<i>Fodrøyningsmagasin</i>	<i>kr 450 000,-</i>
<i>Autovern</i>	<i>kr 105 000,-</i>
Totalt	kr 1 000 000,-

Vedlagt følgjer utkast til avtale som gjeld stimuleringsmidlar til etablering av etablering av fodrøyningsmagasin.

Støtte til etablering av fordrøyningsmagasin med kapasitet på 12,7 m³ som er pålagt av kommunen grunna manglande kapasitet i kommunens eksisterande overvassnett.

Anlegget skal overtakast av Kvinnherad kommune for kr 0,- etter ferdig godkjenning.

Ut frå søknaden finn vi følgjande:

2. Tiltaket det vert søkt støtte til

Kvinnherad kommune har i samband med VA-planen (ref. 2019/3102-8) pålagt tiltakshavar å etablere eit fordrøyningsanlegg med kapasitet på 12,7 m³ (12 700 liter), fordi eksisterande kommunalt overvassnett ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot overvatn frå feltet.

Tiltaket medfører ein betydeleg ekstrakostnad for utbyggjar, og er ein føresetnad for at bustadfeltet kan realiserast.

Anlegget skal overtakast av Kvinnherad kommune for **kr 0,-** etter ferdig godkjenning.

Eit fordrøyningsmagasin er eit anlegg som mellomlagrar regnvatn (overvatn) slik at det ikkje renn for fort ut i dei kommunale leidningane når det regnar mykje.

Vatnet blir samla opp i magasinet og sleppt vidare sakte og kontrollert, slik at kapasiteten i kommunale røyr og kummer ikkje blir overskriden.

På det prosjekterte fordrøyningsmagasinet for Sunde Panorama er det planlagt med Ø200 mm innløp og Ø40 mm utløp.


Dette betyr at vatnet frå feltet renn raskt inn i magasinet gjennom ei stor røyrtilkopling, men berre blir sleppt ut gjennom ei mindre opning, slik at vatnet strøymer roleg og jamt vidare til kommunen sitt overvassnett.

5. Kostnad

Fordrøyningsmagasinet har ein total kostnad på **kr 450 000,- inkl. mva.**

Kostnaden omfattar følgjande arbeider:

- Avgraving av området der magasinet skal plasserast
- Sprengning for å oppnå nødvendig djupne for nedgraving av anlegget
- Innkjøp av fordrøyningsmagasin på 12,7 m³ samt tilhøyrande utløpskum
- Montering av magasin og utløpskum
- Kobling mot leidningsnett og omfylling



Når det gjeld vilkår for utbetaling så har eg internt i kommunen fått tilbakemelding/innspel på at kommunen bør betale ut i tre utbetalingar:

- 30% ved ferdig prosjektert og byggjemeldt tiltak, og igangsetjingsløyve gitt.
- 30 % etter dokumentert framdrift på tiltak. Omsøkt tiltak opparbeida min 50%.
- 40 % ved komplett ferdig omsøkt tiltak.

I følge e-post frå utbyggjar så er dette tiltaket pr i dag ikkje etablert, men ut frå opplysninger i søknaden så ser det ut som om fordrøyningsmagasinet er prosjektert, byggjemeldt og har fått igongsettingsløyve.

Med bakgrunn i dette tenker eg at det no er klart for utbetaling av 30 % av tildelte stimuleringsmidlar, (kr 450 000,- * 30/100) = kr 135 000,- som gjeld etablering av fordrøyningsmagasin.

Dersom avtaleutkastet er ok, så ber eg om at du signerer avtalen og sender den i retur til meg som vedlegg på e-post.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Kjell Ståle Tofte <kjells@halsnoy-trelast.no>

Send: torsdag 28. mai 2026 13:38

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Egil Eide

<egil.eide@kvinnherad.kommune.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>

Emne: RE: Avtale om tildeling av stimuleringsmidlar - Sunde Panorama - Halsnøy Trelast AS

Hei Grethe,

Viser til e-post om avtale for tildeling av stimuleringsmidlar til Sunde Panorama.

Omsøkt beløp er kr 5 000,- over tildelinga på kr 1 000 000,-. Eg føreslår at differansen vert trekt frå posten for autovern, slik at dette vert justert til kr 105 000,- og samla beløp kjem innanfor ramma.

Midlane fordeler seg då slik:

Tiltak	Beløp
Utbetring av kommunalt vegkryss, Slettestølen	kr 280 000,-
Vasskum med brannkule	kr 165 000,-
Fordrøyningsmagasin	kr 450 000,-
Autovern	kr 105 000,-
Totalt	kr 1 000 000,-

Status per tiltak:

Tiltak	Status	Merknad
Utbetring av kommunalt vegkryss, Slettestølen	Utført	Kan stadfestast av Terje Natland
Vasskum med brannkule	Utført	Sjå vedlagde bilete. Kan og stadfestast av Egil Eide
Fordrøyningsmagasin	Ikkje etablert	
Autovern	Ikkje etablert	

Med vennlig hilsen

Kjell Ståle Tofte

Halsnøy Trelast AS

Mobil +47 95 14 66 15

kjells@htrelast.no



MESTERHUS
– det blir som avtalt

From: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Sent: onsdag 22. april 2026 14:06
To: Kjell Ståle Tofte <kjells@halsnoy-trelast.no>
Cc: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Egil Eide <egil.eide@kvinnherad.kommune.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>
Subject: Avtale om tildeling av stimuleringsmidlar - Sunde Panorama - Halsnøy Trelast AS

Viser til sak som gjeld tildeling av stimuleringsmidlar – Sunde Panorama – Halsnøy Trelast AS.

Kommunestyret i Kvinnherad kommune har i møte 18.09.2025 sak 2025/5117 vedteke å stimulere privat bustadbygging gjennom ei ordning med kommunale stimuleringsmidlar. Formannskapet er gitt mynde til å gjere vedtak om løyve for tildeling, og har i møte 13.11.2025 sak 2025/67 gitt vedtak om at Halsnøy trelast får tildelt kr 1 000 000,- til utvikling av prosjekt Sunde Panorama. Midlane skal bidra til at prosjektet vert realisert i tråd med kommunale strategiar for busetjing og bustadutvikling.

Eg er sett til å lage avtale for utbetaling av stimuleringsmidlane.

Eg har prøvd å sette meg inn i saka som gjeld stimuleringsmidlar, og sidan det er snakk om relativt store beløp og i nokon grad kompliserte faktorar, både formelt og praktisk, og sidan det i saka er framheva at det er viktig å skjerme midlane mot konkursar, sal av prosjekt og liknande omstende, så er det mange faktorar og vilkår som må på plass før midlane kan betalast ut.


Når det gjeld utbetaling av midlar som er knytta til rekkefølgjekrav som gjeld infrastruktur som gjeld kommunal veg og VA-leidning som skal overtakast av kommunen, går dette inn under midlar avsett i investeringsbudsjettet for 2025, og kan betalast ut etter faktura eller annan oppgjersform.

For prosjekt Sunde Panorama så finn eg at dei tre søknadane gjeld:

- Støtte til utbetring eksisterande kommunalt vegkryss på Slettestølen. Tiltaket gjeld utviding av kurve, breiing av veg, nedsetting av sandfang og asfaltering. Tiltaket vert utført på kommunal grunn for å betre sikt, avrenning og trafikktryggleik i krysset.
 - Utbetringa omfattar følgjande tiltak:
 - Utviding av kurve i krysset for betre sikt og trafikkikkerheit
 - Nedsetting av sandfangkum for betre overvatnshandtering
 - Etablering av mur mot naboeigedom grunna høgdeforskjell
 - Breiing av veg med nødvendig oppbygging og forsterking
 - Asfaltering av veg etter ferdigstilling
 - Asfaltering av grøfter for å hindre at grus, sand m.m. fyller sandfangkummar



- Støtte til å etablere ein ekstra vasskum med brannkule (uttak for sløkkevatn) som skal tene den eksisterande bebyggelsen på Slettestølen. Tiltaket blir gjennomført for å sikre tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn til eksisterande bustader utanfor det nye bustadfeltet sitt område.
Kummen er plassert på kommunal grunn mellom eksisterande bustader på veg inn til det nye feltet. Anlegget skal etter ferdig godkjenning overtakast av Kvinnherad kommune for kr 0,- og vil få varig allmenn nytteverdi som del av kommunens vassforsyningsystem.



- Støtte til etablering av fordrøyningsmagasin med kapasitet på 12,7 m³ som er pålagt av kommunen grunna manglande kapasitet i kommunens eksisterande overvassnett. Anlegget skal overtakast av Kvinnherad kommune for kr 0,- etter ferdig godkjenning.
- Støtte til etablering av autovern i deler av bustadfeltet på ein strekning på om lag 60 meter der det er bratt terreng utanfor vegkant.
Sidan denne søknaden gjeld arbeid med interne veger som i reguleringsplan er avsett til felles (privat) så kan utbetalinga ikkje skje som midlar i investeringsbudsjettet. Tildelinga har preg av tilskot og må løyvast gjennom driftsbudsjettet.

Eg ser ut frå rekkefølgekrev i reguleringsplan så skal:

§9. REKKEFØLGJEKRAV

- 9.1 Før bruksløve for bustader blir gjeve, skal tekniske anlegg (veg, vatn og avlaup) vere ferdig opparbeidd og tilknytt overordna nett og godkjent av Kvinnherad kommune.

Eg ser at det for teknisk godkjenning av VA-plan – 153/346 - 26.02.2021 vert sett følgjande vilkår:

Teknisk godkjenning av VA-plan - 153/346

VA-plan revisjon B datert 11.09.20 vert teknisk godkjent på følgjande vilkår:

- Anlegg for vatn og spillvatn som kommunen skal overta, skal byggjast i hht VA-norm for Kvinnherad kommune.
- Minst ein person i grøftelaget skal ha ADK-1 sertifikat.
- Maskinførar skal ha ADK-1 sertifikat.
- Vasskummar skal vera i hht VA-miljøblad nr 112.
- Løkk på vasskummar skal vera Ø800 og hengsla.
- Vasskummar skal ha kumanvisar som viser retning og avstand.
- Alle stengeventilar på stikkleidningar skal merkjast med varige skilt som viser Gnr/Bnr.
- I anleggstida skal det vera montert «flettelse» under kumlokka.
- OV-leidningar skal fortrinnsvis vera som dobbelvegga anleggsrøyr med pakningar. Det kan leggjast slette røyr inn til SF kummar og stikkleidningar, men desse skal vera som svarte PVC eller PP.

Generelt:

Kvinnherad kommune vil overta hovudleidningar for vatn og spillvatn for kr 0,- etter at anlegget er ferdig utbygd og godkjent av Eining for Vatn og Avløp, samt at det er gitt Ferdigattest. Kommunen overtar eigarskap og drift fram til det er minimum to abonnentar på anlegget. VA skal kallast inn til oppstartsmøte før arbeidet med VA-anlegget tar til.

Eining for veg og park viser til same punkt som vart lista opp i 2019/3102-2. Men nemner spesielt tilpassing til avkøyrsla mot Slettestølsvegen, og at det vert plassert sandfang kum der.

Når det gjeld vilkår for utbetaling så har eg internt i kommunen fått tilbakemelding/innspel på at kommunen bør betale ut i tre utbetalningar:

- 30% ved ferdig prosjektert og byggjemeldt tiltak, og igangsetjingsløyve gitt. Krev signert avtale med kommunen om overtaking.
- 30 % etter dokumentert framdrift på tiltak. Omsøkt tiltak opparbeida min 50%.
- 40 % ved komplett ferdig omsøkt anlegg kommunal veg og VA-anlegg. Kommunal veg og VA-anleggdokumentert, godkjent og overtatt av kommunen. Bruksløyve på tiltaket (infrastruktur).

Sidan søknaden om støtte til etablering til autovern gjeld arbeid med interne veger som i reguleringsplan er avsett som felles (privat) så kan ikkje utbetalinga skje som midlar i investeringsbudsjettet. Tildeling har preg av tilskot og må løyvast over driftsbudsjettet. I dei tilfelle løyvinga har form av tilskot skal driftsbudsjettet styrkast med uttak frå disposisjonsfondet og låneopptak til investeringar skal reduserast tilsvarande. Dette vert i så fall lagt fram til behandling i første moglege budsjettrevisjon.

Fint om du gjer meg ei tilbakemelding snarast råd om du ønskjer at ein viss del av stimuleringsmidlane skal øyremerkast til etablering av autovern, slik at eg kan be om at midlane vert konvertert frå investering til drift og bli tatt med i 1.kvartalsrapport som kjem til handsaming i mai. Utbetaling for disse sakene må vente ut dette.

For at eg kan lage avtale om tildeling av stimuleringsmidlar, så vi ei gjerne ha ei tilbakemelding om status for arbeidet med det nye byggefeltet, og særleg det som gjeld dei tiltaka som det er søkt om stimuleringsmidlar til.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!